



## Statens vegvesen

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2014/017977-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
05.03.2014

### **Vedrørende søknad om utvida bruk av avkøyrsløse og dispensasjon frå arealføremål i kommuneplanen - gnr. 24 bnr. 49 - Sagstad - Meland kommune**

Statens vegvesen har mottoke søknad om utvida bruk av avkøyrsløse frå fv 244 Sagstadvegen til gnr 24 bnr 49 i Meland kommune. Søknaden gjeld bustad i eit uregulert område sett av til landbruk/natur/friluftsliv (LNF) i kommuneplanen.

Før vi handsamar slike søknader skal saka vere avklara etter plan- og bygningslova. Vi tok derfor kontakt med søker for å avklare om det var gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i denne saka. 18.02.2014 mottok vi kopi av vedtak frå 14.05.2013 med dispensasjon frå LNF-føremålet for oppføring av bustad. Statens vegvesen har ikkje fått denne dispensasjonssøknaden til uttale.

I følge plan- og bygningslova § 19-1 skal regionale og statlege styresmakter få høve til å uttale seg til dispensasjonssøknader som vedkjem deira saksområde før det vert gjeve dispensasjon. Denne saka vedkjem trafikktryggleiken i tilknytning til Sagstad skule og fv 244, og skulle derfor etter vårt syn vore sendt til Statens vegvesen for uttale.

#### Merknader til dispensasjonssak

Statens vegvesen har vesentlege merknader knytt til denne dispensasjonssøknaden.

Kommunen skriv i vurderinga i saksframlegget som følgjer dispensasjonsvedtaket følgjande:

Oppføring av bustadhus vil føre til auka trafikk på vegen som vert nytta som gang- og sykkelveg for skuleungane. Det er i dag sju eigedomar som nyttar denne øvste delen av gang- og sykkelvegen som tilkomst, og om lag 25 bustadeigedomar til saman på heile vegstrekninga. Vegen har nedsett fartsgrense. Administrasjonen vurderer i utgangspunktet at det ikkje bør bli større biltrafikk på skulevegen, men kan vanskeleg sjå at det er grunnlag for å endre praksis for den eine bustadtomta, som tidlegare er godkjent etablert med slik løysing.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Statens vegvesen stiller spørsmål ved kva praksis som ligg til grunn for at kommunen vel å sjå bort frå utgangspunktet som er at det ikkje bør bli meir biltrafikk på gang- og sykkelvegen til Sagstad skule.

Den aktuelle tomte er frådelt i 1971. At ei tomt for over 40 år sidan vart frådelt med tanke på bustadbygging, kan etter vårt syn ikkje tilleggast avgjerande vekt i vurderinga av dispensasjonssaka. Både arealutviklinga og trafikkmønsteret har endra seg mykje i løpet av dei siste fire tiåra.

I tillegg til bnr 49 ligg det ytterlegare tre ubebygde, frådelt tomter langs den øvste delen av gang- og sykkelvegen. Bnr 81 er etablert i 1990, bnr 99 er etablert i 2001 og bnr 30 i 1961. Vi stiller spørsmål ved om den praksisen kommunen har lagt til grunn i saka som gjeld bnr 49 også vil gjere seg gjeldande dersom det vert søkt om etablering av bustad på desse eigedomane. I så fall vil det samla kunne innebere at talet eigedomar som nyttar øvste del av gang- og sykkelvegen som tilkomstveg aukar frå 7 til 11.

I dag er det ikkje noko eige tilbod til mjuke trafikantar langs fv 244 Sagstadvegen. Den kommunale gang- og sykkelvegen, Bustølvegen, fungerer derfor i praksis som tilbodet til gåande og syklande langs fylkesvegen. Særleg gjeld dette for born på veg til og frå skule, samt til og frå aktivitetar knytt til idrettsanlegget på Fossemyra og Sagstad skule.

Gang- og sykkelvegen langs fv 564 Rosslandsvegen er tilknytta Bustølvegen med bru over fv 564. I den nye områdeplanen for Frekhaug sentrum som har vore på høyring er det også vist ei ny bru for mjuke trafikantar frå Frekhaug over fv 564 i retning kommunal gang- og sykkelveg. Den kommunale vegen er såleis ein viktig del av det samla vegtilbodet til gåande og syklande i nærområdet rundt Frekhaug.

Dersom gang- og sykkelvegen hadde vore del av fylkesveganlegget langs fv 244, hadde Statens vegvesen gjennom *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013-2016)* hatt ei klar føring om at *bruk av gang- og sykkelveg til køyring ved nyetableringar skal ikkje finne stad*. Dette prinsippet gjeld også for søknader som vedkjem eldre, frådelt tomter. Statens vegvesen rår kommunen til også å legge dette prinsippet til grunn i denne saka som gjeld ein viktig gang- og sykkelveg.

Dersom den kommunale gang- og sykkelvegen over tid vert bygd ned med nye bustadavkøyrslar, vil det kunne utløyse behov for eit nytt tilbod til gåande og syklande langs fv 244 Sagstadvegen. Det ligg ikkje føre slike planar. Det er derfor viktig for trafikktryggleiken og framkomelegheita for mjuke trafikantar at den kommunale gang- og sykkelvegen her ikkje vert nedbygd gjennom enkeltsaker som inneber meir biltrafikk.

Vidare saksgang

At denne saka ikkje er sendt til Statens vegvesen for uttale, er etter vårt syn ein sakshandsamingsfeil. Vi rår derfor til at det dispensasjonsvedtaket som ligg føre vert oppheva og at saka vert handsama på nytt i samsvar med reglane i plan- og bygningslova.

Statens vegvesen avventar vidare handsaming av søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til vi har fått tilbakemelding frå kommunen på om dispensasjonssaka etter plan- og bygningslova vil verte handsama på nytt.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing

  
Odd Høydalsvik  
sjefingeniør

  
Unn Jenny Utne Kvam

Kopi: Erik Tufte (e-post)

